



Møre og Romsdal fylke

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



| Dykkar.ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|-------------|--------------|--------------|----------------------------|------------|
| 200607592 | 17.11.2006 | MR 608/2007/ | Sverre Hollen, 71 25 80 57 | 10.01.2007 |

Høyring - forslag til endringar i opplæringslova og friskolelova

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i møtet 13.12.2006 følgjande høyringsfråsegn om forslaget til endringar i opplæringslova og friskolelova:

" Fråsegn frå fylkestinget i Møre og Romsdal

Forslag til lovfesting av ansvaret til skoleeigar for at elevane i vidaregåande opplæring skal få nødvendige trykte og digitale læremiddel

I forslaget til endring av opplæringsloven for å sikre elevane i vidaregåande opplæring gratis læremiddel ønskjer Kunnskapsdepartementet å leggje inn denne formuleringa i loven:

"Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde elevane med nødvendig trykte og digitale læremiddel samt digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkja nokon del av utgiftene til dette. Fylkeskommunen kan påleggje elevane, lærlingane og lærekandidatane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter."

I framlegget til statsbudsjett har regjeringa sett av 287,4 millionar til fylkeskommunae for at elevane på vg2 skal få "nødvendige trykte og digitale læremiddel". Møre og Romsdal fylke vil få 16,5 mill til dette formålet.


Departementet presiserer at dersom fylkeskommunen vel å organisere opplæringa på ein slik måte at det føreset at elevane har ein berbar pc, så skal desse utgiftene dekkjast av fylkeskommunen.

Dersom Møre og Romsdal fylke skulle stille ein berbar pc til rådvelde for alle elevar på vg2, ville det innebere ein kostnad for fylket på 30 millionar kroner i tillegg til dei kostnadene ein får ved å utvikle/kjøpe trykte og digitale læremiddel.

Fylkestinget ser at ved denne lovendringa vil fylket ikkje ha råd til både å utvikle digitale læremiddel og kjøpe nødvendig digitalt utstyr til heile elevkullet på vg2. Resultatet blir lett at ein må konsentrere innkjøpet til trykte læremiddel. Det vil medføre at skolane blir sitjande med lærebøker som raskt blir forelda samtidig som ein ikkje blir i stand til å utnytte det potensialet som ligg i nettbaserte læremiddel.

Fylkestinget i Møre og Romsdal oppmodar derfor Regjeringa om å ta den kostnaden det vil vere å halde elevane med det utstyret som er nødvendig for å kunne vere med på den digitale læremiddelrevolusjonen som no er under utvikling.”

Med helsing



Per Hoem
fylkesutdanningsdirektør



Sverre Hollen
ass.fylkesutdanningssjef